

r715jn

BERBAR DATA TIL 8. TRINN

Til rektor ved [navn] ungdomsskule.

Eg har høyrd at heile 8. klassetrinnet på [navn] skule er blitt med i eit prosjekt der elevane får utdelt berbare datamaskinar. No lurar eg på om 8. klassane her på [navn] kunne få delta i dette også.

No vil eg fortelje kvifor det vil bety masse positivt med eigen berbar datamaskin for heile 8. trinn.

Fordelane ved berbare datamaskiner til 8. trinn er at du sparar pengar på skrivebøker, viskelær og blyantar. Du tenker sikkert at det blir ganske lite i forhold til kva du må betale for alle datamaskinene, men du kan gjere det litt billigare på ein måte ved at alle på 8. trinn skal underteikne ein kontrakt der det står at dei må betale sjølv for ny data vist datamaskina dei har blir øydelagd.

Andre fordelar er at elevane finner fram raskare til informasjon som f. eks. ikkje står i lærebøkene. Og, ja vist elevane ikkje forstår noko med ord f. eks. fotosyntesen kan du sjå teikningar og animasjon på nettet.

For nokre elevar er rettskriving ganske vanskeleg, men på datamaskina er det retteprogram som hjelper dei til å forstå betre. Leksene kan bli levert over nettet på f. eks. Fronter, eller e-post.

Dessverre er det også nokre ulemper med dette, som at foreldra vil seie at vi kjem til å sitte for masse på datamaskina. Men eg seier vi sitter jo med papir og blyant og det er vel egentleg ikkje noko sunnare? Eller?

Andre ulemper ved datamaskinene er at nokre vil misbruke dei til å sitte på f. eks. facebook, men det er vel det same som å seie at ingen skal få køyre bil fordi nokre misbrukar det. For å unngå at nokon misbrukar datamaskina kan vi blokkere sider som facebook.

Eg håpar du vil ta opp dette med elevane og at du har fått eit positivt inntrykk av dette brevet. Eg tipper alle på 8. trinn vil gå inn for dette og vil love å behandle datamaskinene forsiktig. Og husk, mange ting vil bli enklare for oss som er elevar når vi kan ha ein berbar datamaskin i sekken.

Med vennleg helsing [navn]

[sted], 02/10/2013